

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Drikk til maten til kvardags. Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Ø y h e i m .

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eigne røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Nokkon stor skift i bruken av nysilt og skomma mjølk har det ikkje vore i mans minne. Nysiltmjølka vart lite brukt i kosthaldet. Ho var for kostbar og var emne til ryme og smør. Men dei nykomne kalvane fekk av ho ei tid etter fødsla. Men derimot skommamjølka vart brukt i hushaldet og til drykk. No går nysiltmjølka til Meieriet og kalvane får sin kvote og skommamjølka brukast i hushaldet som eit godt matemne. Det heiter at bruken av mjølk har auka i den seinare tida.
2. Mjølka vart drykken som læskedrik og utan at ein hadde mat atåt.
3. Det kunde bli laga melkeblande av skommamjølke og vatn bleng dei kalla og til det bruktes ogso sjør eller saup berre det var surt for då sløkt det tørsten best. No vert slikt ikkje brukt.
4. Heimbrygja øl vart brukt til omlag 50 år sidan. Det var to sortar nemleg øl og tynndrekk. Øl vart brygja til jul og til høyonna. Ølet vart lakt på tynnor og dei brygja so mykkje at det vara ei lang tid framover.
5. Når kaffen fyrst vart brukt i bygda her veit ein ikkje men truleg omkring 1800 tallet men kanskje tidlegare. Det tok vist ikkje lenge fyr den vart

kvardagsdrykk.

6. Når den akurat vart teken i bruk til kvardags har ein ingen meining om då ein ikkje hugsar å ha høyrte dette nemnt.
7. No drikk ein kaffe 4 gonger om dagen. Det <sup>u</sup>morgekaffe og tikaffe. Og so er det ettermiddagskaffe og 6 kaffe. Dette var skikken i onnetidane fyrr ein fekk siste krigen og den rasjoneringa som er ei sorg for alle som likar kaffe.
8. Kaffe lagar på den måten at ein kokar opp vatn og grovmalen kaffe opi og lett det koka ei stut tid. Fyrr brukte dei å ha klåreskinn opp i kaffekjelen men det er vist vorte meir slutt med dette. Somme hadde eggskal oppi for klåringa si skuld. Å spå i kaffe grutt sjer ein ikkje nokko til her no men dei gamle kvinnfolkane kunde vera flinke i så måte i gamletida. Reglane er vist for lengst glømt.
9. Sukker vart brukt til kaffen som tablettar. Dei klypte bitane med saks av rafinaden og no kjøpar ein tablettar. Sokkerrasjoneringa har mykkje øydelakt kaffedrykken då ein fær for lite sokker.
10. Fløyte i kaffen er jamnt brukt men i den seinare tid er det mange som sløyfar fløyten.
11. Te vert drykken til tømten men ikkje dagleg då ein helst brukar melk. Te av heimavla plantar <sup>bruker ikkje</sup> men i krigsåra fekk ein kjøpt te med mangen rar smak.
12. Fyrr kaffen vart teken i dagleg bruk tok mannfolket seg ein dram og kanskje mange tok to om morgenen. Vinters tid vart dette rekha som ein god styrkjedrykk mot kjølda.
13. Kjøpøl som bajer, pilsener, vørterøl brus og selters ver det kjøpt litt av men ikkje til dagleg bruk. Godt vatn vert mykkje brukt som ein god drykk både til maten og ellers.